

Støtte til flytting av bedehus til museet

MUSEUM

Eit tilskot på 400.000 kroner til flytting av bedehuset på Åkre til Sunnmøre Museum.

Kultur- og folkehelseutvalet i Møre og Romsdal vedtok på møtet i går å gi støtte til Sunnmøre Museum sitt bedehusprosjekt. Utvalet går inn for at tilskotet blir fordelt over to år.

Flyttinga av bedehuset på Haramsøy til Ålesund er kost-

nadsrekna til to millionar kroner. Av dette har museet søkt om ein million i flyttestøtte frå Stiftelsen Kjell Holm, 100.000 kroner frå Haram kommune medan museet sin eigeninnsats er sett til 500.000 kroner. Bedehuset på Åkre vart vigsla i 1889, men er ikkje lenger i bruk. Der som bedehuset blir flytta, blir bygningen den første frå Haram kommune i friluftssamlinga til Sunnmøre Museum.

SOLFRIÐ VARTDAL

solfrid.vartdal@smp.no



BEDEHUS: Kultur- og folkehelseutvalet i fylket bidreg til flyttinga av bedehuset på Åkre til Sunnmøre Museum.